



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Voss, 09. mars 2017

Høyringsuttale om løyve til å byggje Bjørndalen kraftverk.

Voss Naturvernlag er lokallag i Norges Naturvernforbund og har motteke Norsk Grønnkraft Utbygging AS sin søknad om løyve til å byggje Bjørndalen kraftverk i Voss kommune.

Generelt om tiltaket

Kraftverket vil nytte eit fall i Bjørndalselvi på 185 heter frå inntaket på 490 moh til kraftstasjonen på 305 moh. Vassvegen vil bli ei 1200 meter lang røyr nedgrave heile vegen. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,45 MW og vil etter planane gje ein årsproduksjon på 7,2 GWh.

Om småkraftverk

I ei masteroppgåve ved Institutt for geografi ved NTNU har Anna Guri Aase i 2013 gjennomført studien «Natural Resource Management». I oppgåva er det gjort ei samanlikning mellom tre former for fornybar energiproduksjon og deira påverknad på kringliggjande natur. Dei tre fornybare energikjeldene er:

- 1) Småskala vasskraftutbygging
- 2) Storskala vasskraftutbygging
- 3) Vindkraft

og dei er vurdert i forhold til fire parametarar:

- direkte arealbruk
- synlegheita av anlegget
- raudlistearter innan ein radius på 2 og 10 km
- overlapping med inngrepsfrie naturområde (INON)

Analysen er basert på data frå m.a. 27 småkraftverk i Hordaland og Sogn og Fjordane og konkluderar med at småskala vasskraftutbygging kjem dårlegast ut for tre av dei fire parametranne, og er samla sett det dårlegaste alternativet mellom dei tre formene for energiproduksjon som studien omfattar.

Om Bjørndalselvi

Ecofact har utarbeidd ein rapport om verknadene av tiltaket på miljø, naturressursar og biologisk mangfald i området. I dette arbeidet har Ecofact brukt dei malar og vegleiarar som er tilrådd av styremaktene. Det siste året har det vore gjennomført undersøkingar (m.a. i Øystesevassdraget) som tyder på at det kan vere ei underrapportering av raudlistearter og trua naturtypar i slike rapportar.

Det ligg ikkje føre noko dokumentasjon på at det er slik i dette tilfellet, men me ber NVE om å vere merksam på den generelle situasjonen. Voss Naturvernlag er likevel skeptiske til, og direkte ueinig i dei vurderingar som NNI gjer med omsyn til kva konsekvensar utbygginga vil få for naturverdiane i området.

Konklusjon

Dette området er mykje brukt som turområde og vil ved ei evt. utbygging få redusert visuell verdi ved at eit kjent og vakkert landskapsbilde vert forringa . Voss Naturvernlag går imot denne utbygginga først og fremst fordi den samla belastninga frå tidlegare og ny planlagd kraftutbygging i området er stor. Ei evt. vidare utbygging i området vil etter vårt syn overskride visuelle tålegrenser samstundes som det frå utbyggjaren si side er peika på forhold som kan få innverknad på naturmangfaldet i området.

Med helsing
Voss Naturvernlag
Kåre Flatlandsmo
leiar